

Vinelva minikraftverk - tilleggsopplysningar til NVE

Tilleggsopplysningar og teknisk presisering Vinelva minikraftverk - NVE-sak 202422523

Til	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Frå	Kristian Ringheim
Dato	20.05.2026
Dokument	Tilleggsopplysningar etter høyring - revidert innsending

1. Innleiing og førespurnad

Det vert vist til NVE-sak 202422523 om Vinelva minikraftverk i Voss herad, og til høyringsfråsegner frå Statsforvaltaren i Vestland, Voss herad og Vestland fylkeskommune.

Søkjær ynskjer med dette å sende inn tilleggsopplysningar og tekniske presiseringar før NVE tek endeleg stilling til om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Føremålet er å klargjere revidert tiltak og gje NVE eit betre grunnlag for vurderinga, særleg når det gjeld vegløysingar, røyrkorridor, arbeidsbelte og anleggsgjennomføring.

Søkjær ber NVE leggje den reviderte tiltaksskildringa til grunn for vurderinga av konsesjonsplikt. Søkjær ber NVE vurdere om tiltaket, slik det no er presisert og redusert, kan handsamast som ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova. Dersom NVE likevel kjem til at tiltaket er konsesjonspliktig, ber søkjær om nærare avklaring av vidare prosess og kva dokumentasjon som eventuelt vil vere naudsynt.

2. Kort om tiltaket og kva som er endra

Vinelva minikraftverk er planlagt som eit lite elvekraftverk utan magasin. Tiltaket gjeld uttak av vatn frå Vinelva ovanfor Vinelvossen og tilbakeføring ved kraftstasjon nede ved Flatland før samløp med Ljoselvi.

Planlagde hovuddata er uendra: inntak om lag kote 468, kraftstasjon/avløp om lag kote 313, installert effekt om lag 260 kW, forventa årsproduksjon om lag 1,2 GWh og vassveg på om lag 720 meter med Ø400 mm røyr.

Tiltaket vert presisert, og dei fysiske terrenginngrepa vert reduserte samanlikna med tidlegare omtale. Dei viktigaste presiseringane er:

- Permanent vegforlenging til inntaket vert teken ut av planen.
- Separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen vert teken ut av planen.
- Tilkomst, materialtransport, røyrlegging og mellombelse inngrep skal samlast i same korridor som røyrtraseen.
- Arbeidsbeltet vert differensiert etter terreng og metode, med normal arbeidsbreidde om lag 3-6 meter.
- I øvre/bratt del, om lag 250-260 meter, vert det lagt opp til manuell grøfting, lett utstyr og vinsj.
- PE-røyra er planlagde speilsveisa ved riggplass eller anna eigna, allereie opparbeidd eller terrengpåverka areal, og deretter vinsja/trekte opp langs traseen i lengre strekk før nedlegging. I øvre/bratt del er det aktuelt å nytte robust PE100RC-røyr med utvendig beskyttelseskappe, med endeleg røyrtype og grøfteoppbygging avklart med røyrleverandør.
- Ordinær sprenging er ikkje planlagt. Det kan lokalt bli behov for avgrensa pigging i øvre overgang frå inntaksområdet til røyrtraseen.

- Rigg, mellombels materialhandtering og massehandtering skal i første rekkje leggjast til allereie opparbeidde eller terrengpåverka areal.
- Røyrkata skal tilbakefyllast, terrengtilpassast og revegeterast etter anleggsarbeidet.

Desse presiseringane endrar ikkje inntak, kraftstasjon, fallutnytting, slukeevne, minstevassføring eller berørt elvestrekning.

3. Endringar samanlikna med tidlegare omtale

Tema	Tidlegare omtale / forståing i høyringa	Revidert tiltak
Permanent veg til inntak	Forlenging av eksisterande skogsveg om lag 380 meter til inntaket.	Teken ut av planen.
Mellombels anleggsveg	Separat mellombels anleggsveg langs vassvegen/røyrtraseen.	Teken ut av planen.
Tilkomst og materialtransport	Vegtilkomst til inntak, separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen og meir omfattande maskinell tilkomst.	Permanent vegforlenging til inntaket og separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen vert tekne ut. Tilkomst og materialtransport skal løysast innanfor same korridor som røyrtraseen, med lett utstyr, vinsj eller manuell transport.
Arbeidsbelte/røyrkorridor	Røyrkatetraseen er i høyringa forstått som eit breitt inngrep, mellom anna omtalt av Statsforvaltaren som 30 meter brei røyrkatetrase.	Arbeidsbeltet vert no presisert og redusert. Normal arbeidsbreidde vert om lag 3-6 meter. I øvre/bratt del vert samla påverka korridor normalt om lag 2-3 meter, med lokale utvidingar berre der terreng, tryggleik, røyrhandtering, vinsjing eller mellombels masseplassering gjer det nødvendig. Slike utvidingar skal avgrensast til minste nødvendige breidde.
Øvre/bratt del	Ikkje særskilt presisert.	Om lag 250-260 meter er planlagt gjennomført med manuell grøfting, lett utstyr og vinsj. PE-røyra er planlagde speilsveisa ved riggplass eller anna eigna, allereie opparbeidd eller terrengpåverka areal, og deretter vinsja/trekte opp langs traseen i lengre strekk før nedlegging. I denne delen er det aktuelt å nytte robust PE100RC-røyr med utvendig beskyttelseskappe, med endeleg røyrtype og grøfteoppbygging avklart med røyrleverandør.
Sprenging / fjellhandtering	Statsforvaltaren peikar på at det kan bli behov for sprenging.	Ordinær sprenging er ikkje planlagd. Det kan lokalt bli behov for avgrensa pigging i øvre overgang frå inntaksområdet til røyrtraseen. Mellom inntaket og nedgraven grøft skal røyret så langt mogleg leggjast lågt i terrenget og dekkjast/skjermast med stadeigne massar og stein.
Rigg, massar og tilbakeføring	Søknaden la til grunn massebalanse og ikkje behov for deponi, men rigg og mellombels massehandtering var ikkje nærare detaljert.	Det vert ikkje etablert permanente massedeponi. Mellombels massar frå grøft skal handterast lokalt, sorterast og nyttast til tilbakefylling og terrengtilpassing innanfor tiltaksområdet. Massar direkte rundt røyret skal vere eigna for røyrlegging. Rigg og mellombels materialhandtering skal i første rekkje leggjast til eksisterande opparbeidde eller terrengpåverka areal.

Tema	Tidlegare omtale / forståing i høyringa	Revidert tiltak
Naturmangfald og arkeologi	Biologirapport frå 2006 ligg føre. Høyringspartane har peika på behov for oppdatert vurdering av naturverdiar og arkeologisk avklaring.	Søklar vil leggje fram kartgrunnlag som viser presisert røyrkorridor og direkte påverka areal innanfor same overordna tiltak. Dette kan nyttast som grunnlag for vidare naturkartlegging og nærare arkeologisk avklaring.

4. Anleggsgjennomføring, arbeidsbelte og røyrgate

Røyrtraseen vert presisert og lokalt justert innanfor same overordna tiltak mellom inntak og kraftstasjon. Føremålet er å redusere terrenginngrep, unngå ordinær sprenging og leggje betre til rette for smalare arbeidskorridor. Presiseringa endrar ikkje inntak, avløp, fallutnytting eller berørt elvestrekning.

Arbeidsbeltet langs røyrtraseen vert differensiert etter terreng og anleggsmetode. Normal arbeidsbreidde vert om lag 3-6 meter. Berre på særskilde punkt, der terreng, tryggleik, røyrhandtering, vinsjing eller mellombels masseplassering gjer det nødvendig, kan det bli behov for mindre lokale utvidingar. Slike utvidingar skal avgrensast til minste nødvendige breidde.

På den øvre/bratte delen av røyrtraseen, om lag 250-260 meter, er planlagd metode manuell grøfting med spade, lett utstyr og vinsj. I slike parti vil sjølve grøfte- og gravebreidda normalt vere om lag 1-2 meter, medan samla påverka korridor vert vurdert til om lag 2-3 meter, med lokale utvidingar ved særleg krevjande punkt.

PE-røyra er planlagde speilsveisa ved riggplass eller anna eigna, allereie opparbeidd eller terrengpåverka areal, og deretter vinsja/trekte opp langs traseen i lengre strekk før nedlegging. I øvre/bratt del er det aktuelt å nytte robust PE100RC-røyr med utvendig beskyttelseskappe, med endeleg røyrtype og grøfteoppbygging avklart med røyrleverandør. Dette reduserer behovet for større arbeidsplassar og maskinell røyrhandtering ute langs traseen.

Tilkomst til inntaket og transport av materialar skal løysast innanfor same korridor som røyrtraseen. Materialar til inntaket, til dømes sement, armering, forskaling og mindre utstyr, skal transporterast opp langs traseen med lett beltegåande transportutstyr, vinsj eller manuell transport. Eventuelle lokale tilpassingar skal haldast innanfor nødvendig arbeidsbelte. Det skal ikkje etablerast separat anleggsveg langs røyrtraseen.

Ordinær sprenging er ikkje planlagd. Det kan lokalt bli behov for avgrensa pigging i øvre overgang frå inntaksområdet til røyrtraseen. Mellom inntaket og punktet der røyret vert ført inn i nedgraven grøft, skal røyret så langt mogleg leggjast lågt i terrenget og dekkjast/skjermast med stadeigne massar og stein. Arbeidet skal avgrensast til nødvendig tilpassing av røyrføring og grøftetrase, og berørt areal skal tilbakeførast med stadeigne massar.

5. Massar, rigg og tilbakeføring

Det er ikkje planlagt permanente massedeponi. Røyrgate skal leggjast i grøft, og oppgravne massar skal i størst mogleg grad nyttast til tilbakefylling og terrengtilpassing innanfor tiltaksområdet.

Riggområde og mellombels materialhandtering skal i første rekkje leggjast til allereie opparbeidde eller terrengpåverka areal. Dette gjeld særleg i nedre del av tiltaksområdet, der det frå før finst maskinspor og areal påverka av tidlegare terrengbruk.

Der det finst eksisterande spor etter skogsdrift, maskinell opprydding eller tidlegare terrengbruk, skal desse areala prioriterast ved detaljplassering av røyrtrase og arbeidsbelte. Føremålet er å unngå nye parallelle inngrep og halde samla påverka areal lågast mogleg.

Mellombels oppgravne massar frå grøfta skal i størst mogleg grad sorterast og nyttast til tilbakefylling og terrengtilpassing innanfor tiltaksområdet. Massar som ligg direkte rundt røyret skal vere eigna for røyrlegging og utan skarp stein som kan skade røyret. Der det er mogleg, skal toppmassar og vegetasjonsdekke takast vare på og nyttast ved tilbakeføring.

Etter tilbakeføring skal grøft og arbeidsbelte terrengtilpassast, og stadeigne toppmassar/vegetasjonsdekke nyttast der dette er mogleg, slik at røyrgetraseen over tid i størst mogleg grad glir inn i omkringliggjande terreng og ikkje står fram som eit markert, varig terrenginngrep.

6. Naturmangfald og minstevassføring

Det ligg føre biologirapport frå 2006, utarbeidd i samband med tidlegare planar om kraftverk i Vinelva. Rapporten inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. I søknaden er det vist til at rapporten påviste ei fossesprøytsone med verdi C til B, men at det ikkje vart registrert sjeldne eller truga artar der. Det er også vist til at kartlegginga i fossesprøytsona var avgrensa av vanskeleg tilkomst.

Søklar tek Voss herad sitt vedtak om kartlegging og vurdering av naturverdiar til etterretning. Søklar har teke kontakt med fagkyndig biologisk rådgjevingssmiljø for å avklare mogleg oppdatert og målretta kartlegging av naturverdiar. Førebels tilbakemelding er at slik kartlegging truleg kan vere aktuell i august, med rapportering seinare. Kartlegginga vil ikkje liggje føre før denne tilleggssinformasjonen vert send inn, men kan gjennomførast og ettersendast dersom NVE meiner dette er naudsynt for den vidare handsaminga.

Ved eventuell vidare kartlegging vil søklar leggje fram kartgrunnlag som viser presisert røyrkorridor og dei areala som faktisk kan verte direkte påverka. Kartlegginga kan då rettast mot relevante naturverdiar, mellom anna fossesprøytsone/fuktpåverka areal, mosar, lav, karplantar og direkte påverka areal ved inntak, røyrtrase, arbeidsbelte, aktuelt kraftstasjonsområde og riggområde.

Søklar meiner det er viktig å skilje mellom naturverdiar som finst i nærområdet, naturverdiar som ligg i direkte påverka areal, og naturverdiar som faktisk kan verte påverka av redusert vassføring eller anleggsgjennomføring.

Som avbøtande tiltak vert det framleis lagt til grunn slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, 27 l/s, heile året når slik vassmengde er tilgjengeleg i vassdraget.

Planlagt uttak er avgrensa til maksimalt 0,21 m³/s, tilsvarande om lag 25 % av middelvassføringa ved inntaket. Tiltaket er utan magasin, og kraftverket vil difor ikkje regulere vassføringa ut over det løpande uttaket til drift. Ved vassføringar over maksimal slukeevne vil overskytande vatn gå i overløp ved inntaket.

Søklar legg til grunn at kombinasjonen av avgrensa uttak, minstevassføring, manglande magasin, overløp ved høgare vassføring og skånsam anleggsgjennomføring er sentrale avbøtande forhold ved vurderinga av naturmangfald og landskap.

7. Landskap, kulturmiljø og arkeologi

Dei viktigaste landskapsverknadene er knytte til synlege terrenginngrep i anleggsperioden og eventuell varig påverknad etter ferdig tilbakeføring. Revidert tiltak reduserer desse verknadene ved at både permanent vegforlenging til inntaket og separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen vert tekne ut.

Røyrgata skal i hovudsak leggjast nedgravd og tilbakefyllast etter anleggsarbeidet. Mellombels påverka areal skal terrengtilpassast og revegeterast. Eventuell kort synleg eller delvis synleg røyrføring ved inntaket skal avgrensast til nødvendig overgang frå inntaket til nedgraven grøft og dekkjast/skjermast med stadeigne massar og stein.

Vinelvfossen vil framleis ha vassføring gjennom minstevassføring og overløp. Høgare vassføringar og flaumvassføringar, der fossen har størst landskapsmessig uttrykk, vil i hovudsak gå vidare i Vinelva som før.

Vestland fylkeskommune har peika på nærleiken til verdsarvområdet, moglege visuelle verknader, behov for betre dokumentasjon av vegløysingar og potensial for arkeologiske kulturminne. Søkjar tek desse merknadene til etterretning.

Tiltaket ligg utanfor verdsarvområdet og utanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, men i nærområdet til landskaps- og kulturmiljøverdiar av stor verdi. Søkjar legg difor til grunn at verknader for landskap, kulturmiljø, synlege terrenginngrep og eventuelle kulturminne i direkte påverka areal må dokumenterast godt.

Søkjar vil leggje fram kart og foto som viser presisert røyrrakorridor, inntaksområde, aktuelt kraftstasjonsområde, eksisterande terrengpåverka areal og den bratte delen der det er planlagt smalare og meir skånsam anleggsgjennomføring. Kart, foto og tabellar skal gjere det tydelegare kva tiltak som er tekne ut av planen, kva areal som kan verte mellombels påverka i anleggsperioden, og kva permanente anlegg som står att etter ferdig tilbakeføring.

Når det gjeld kulturminne, legg søkjar til grunn at nærare arkeologisk avklaring vert gjort i dialog med Vestland fylkeskommune før endeleg anleggsgjennomføring. Søkjar vil leggje fram kartgrunnlag som viser kva areal som faktisk vert direkte påverka av revidert tiltak. Sidan permanent vegforlenging til inntaket og separat mellombels anleggsveg langs røyrraseen er tekne ut av planen, er det direkte påverka arealet redusert samanlikna med tidlegare omtale.

Søkjar er kjend med planarbeid knytt til E16 Hylland–Slæn i nærområdet. Dette er eit separat offentleg vegprosjekt og er ikkje ein del av Vinelva-tiltaket. Eventuell overlapp i vidare planlegging, til dømes knytt til arkeologi, arealbruk eller endeleg plassering av kraftstasjon, vert avklart med rette styresmakter.

8. Oppfølging av høyringsfråsegner

Tabellen under viser kort korleis dei viktigaste høyringsmerknadene er følgde opp i revidert tiltak.

Høyringspart	Hovudmerknad	Oppfølging i revidert tiltak
Statsforvaltaren i Vestland	Uro for omfang av terrenginngrep, brei røyrgatetrase, permanent veg, mellombels anleggsveg, mogleg sprenging og synlege inngrep.	Permanent vegforlenging og separat mellombels anleggsveg vert tekne ut. Arbeidsbelte vert redusert og differensiert. Bratt del vert planlagd med manuell grøfting, lett utstyr og vinsj. Ordinær sprenging er ikkje planlagd, og eventuell fjellhandtering er avgrensa til lokal pigging der dette er nødvendig for tilpassing av grøftetraseen.
Voss herad	Ynskjer at utbyggjar kartlegg og legg fram vurdering av naturverdiar i vidare handsaming.	Biologirapport frå 2006 inngår i kunnskapsgrunnlaget. Søkjar tek Voss herad sitt vedtak til etterretning, og har teke kontakt med fagkyndig biologisk rådgjevingsmiljø for å avklare oppdatert og målretta kartlegging av naturverdiar i vidare handsaming. Kartlegginga kan rettast mot presisert røyrrakorridor og dei areala som faktisk kan verte direkte påverka.

Vestland fylkeskommune	Peikar på nærleik til verdsarvområde, behov for betre dokumentasjon av vegløyisingar og visuelle verknader, og behov for arkeologisk avklaring.	Vegløyisinga er redusert ved at permanent vegforlenging til inntaket og separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen er tekne ut av planen. Søkjar vil leggje fram kart, foto og visuell dokumentasjon som viser revidert tiltak og faktisk direkte påverka areal. Nærare arkeologisk avklaring vert føresett gjort i dialog med Vestland fylkeskommune før endeleg anleggsgjennomføring.
------------------------	---	--

Samla sett meiner søkjar at høyringsfråsegnene er følgde opp gjennom konkrete reduksjonar og presiseringar av tiltaket. Dei største endringane er at permanent vegforlenging til inntaket og separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen vert tekne ut av planen, inngrepskorridoren vert samla, arbeidsbeltet vert redusert og differensiert, og røyrtraseen vert presisert og lokalt justert innanfor same overordna tiltak for å redusere behovet for terrenginngrep og ordinær sprenging. Riggområde vert i første rekkje lagt til allereie opparbeidde eller terrengpåverka areal, og vidare kartlegging av naturverdiar og arkeologisk avklaring vert følgd opp ved behov.

9. Samla vurdering og førespurnad til NVE

Søkjar meiner at revidert tiltak er betre avgrensa og dokumentert. Samanlikna med tidlegare omtale vert tiltaket redusert og presisert, særleg når det gjeld permanent vegforlenging, separat mellombels anleggsveg, røyrkorridor, arbeidsbelte og anleggsgjennomføring.

Dei reviderte tiltaka endrar ikkje planlagt inntak, fallutnytting, installert effekt, slukeevne, minstevassføring eller berørt elvestrekning. Endringane gjeld i hovudsak fysisk gjennomføring og reduksjon av terrenginngrep.

Søkjar ber NVE leggje den reviderte tiltaksskildringa til grunn ved den vidare vurderinga av konsesjonsplikt for Vinelva minikraftverk, NVE-sak 202422523.

Oppsummert meiner søkjar at revidert tiltak, med redusert terrenginngrep, utan permanent vegforlenging til inntaket og utan separat mellombels anleggsveg langs røyrtraseen, ikkje vil medføre nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. Søkjar ber difor NVE vurdere om tiltaket, slik det no er presisert og redusert, kan handsamast som ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova.

Dersom NVE likevel meiner at det er behov for vidare konsesjonshandsaming, ber søkjar om nærare avklaring av vidare prosess og kva dokumentasjon som eventuelt vil vere naudsynt. Søkjar vil i så fall kunne supplere saka med nødvendige justeringar og dokumentasjon, mellom anna oppdatert biologisk kartlegging dersom NVE meiner dette er naudsynt.

10. Vedlegg

Søkjar legg opp til å sende inn følgjande vedlegg saman med tilleggsopplysningane:

Vedlegg 1: Kart- og fotodokumentasjon for revidert tiltak, med oversikt over presisert røyrkorridor, inntaksområde, aktuelt kraftstasjonsområde, øvre/bratt del, riggområde og foto frå tiltaksområdet.

Oppdatert biologisk kartlegging eller nærare biologisk avklaring kan ettersendast dersom NVE meiner dette er naudsynt for vidare handsaming.